

## Saksprotokoll i fylkestinget - 05.10.2016

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Nytt forslag: Punkt 4:

Fylkestinget ønskjer at nynorsk skal vere administrasjonsspråk i ein eventuell ny Vestlandsregion.

### Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken mot 1 røyst (R).

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 3 vart vedteken mot 1 røyst (R).

Oen sitt forslag fekk 10 røyster (SV, R, V, MDG) og fall.

Innstillinga punkt 4 vart vedteken mot 7 røyster (Frp).

### Vedtak

1. Fylkestinget ser på forhandlingsresultatet i intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som eit godt utgangspunkt for endeleg handsaming av etablering av Vestlandsregionen på fylkestinget i desember 2016.
2. Fylkestinget legg intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar ut på offentleg høyring fram mot fylkestinget i desember 2016. Som ein del av høyringsgrunnlaget blir fylkesrådmannen bedt om å utarbeide ein samla rapport av felles utgreiingsarbeid som vart lagt til grunn for forhandlingane om intensjonsplanen.
3. Dersom dei andre fylkeskommunane gjennom sine vedtak ikkje godkjenner intensjonsplanen og forhandlingsresultatet, som grunnlag for endeleg handsaming av etablering av ein Vestlandsregion, får styringsgruppa fullmakt til å avklare om forhandlingsutvalet skal starte ein ny dialog med den av fylkeskommunane som seier ja, for å vurdere andre moglege nye regionløyseringar.
4. Spørsmålet om kva administrasjonsspråk det nye Vestlandsfylket skal ha, blir ein del av høyringsprosessen og vil bli avgjort av fylkestinget i dei tre fylkeskommunane etter at alle høyringsinstansane har fått uttalt seg.